



Jørn Johannessen
Lokketona 37
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1254 - 14/3737

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
17.03.2014

Søknad om løyve til tiltak på gnr 57 bnr 3 - Krav om ytterlegare opplysningar og dokumentasjon for tiltaket

Det vert vist til dykkar søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett stempla motteke hjå kommunen 13.12.2013, og førebels svar frå kommunen ved brev dagsett 18.12.2014.

Kommunen seier seg lei for sein tilbakemelding, som skuldast stor saksmengde ved avdelinga.

Administrasjonen har gått gjennom søknaden og ser det som naudsynt og be om ytterlegare opplysningar for å kunne vurdere om tiltaket er omfatta av omgrepet driftsbygning i landbruk, og om tiltakets storleik og utforming er i samsvar med oppgjeve føremål med bygget.

Eigedomen er i arealdelen til kommuneplanen avsett som LNF-område, kor det i føresegnene til planen er slått fast eit generelt byggeforbod for tiltak som ikkje står i samanheng med stadbunden næring.

I søknaden er det opplyst at tiltaket gjeld driftsbygning i landbruket, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-2 bokstav b), jf byggesaksforskrifta (SAK) § 3-2. Vidare er det i søknaden opplyst at føremålet med tiltaket er «vedhus / lagerbygg».

Plan- og bygningslova § 20-2 bokstav b) slår fast at alminnelige driftsbygningar i landbruket etter søknad og løyve frå kommunen kan førast opp av tiltakshavar sjølv utan bruk av føretak med ansvarsrett. Med driftsbygning er meint bygning som er ein naudsynt del av landbruksverksemda på eigedomen.

For å kunne vurdere om omsøkte bygg kan vurderast som driftsbygning i stadbunden næring som er omfatta av pbl § 20-2 bokstav b), ber kommunen dykk gjere greie for tiltakets utforming og størrelse i forhold til landbruksdrifta på eigedomen.

Av opplysningane i søknaden og vedlagte fasadeteikningar kjem det fram at tiltaket har ei grunnflate på 34 m² og ut frå høgde på tiltaket kan det synast å ha to målverdige etasjar, jf teknisk forskrift § 6-1. Administrasjonen ber difor uansett om å få tilsendt planteikningar over for begge etasjar og opplysning om samla bruksareal (BRA).

Dersom tiltaket ikkje er eit ledd i stadbunden næring fell det i utgangspunktet utanfor arealføremålet og krev soleis dispensasjon etter pbl § 19-2.

Saka vert lagt i ventearkiv i påvente av innsending av opplysningar som nemnd ovanfor.

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
konsulent byggjesak

Mottakere:

Jørn Johannessen

Lokketona 37

5136

MJØLKERÅEN